

KORRIGERTE REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR ÅSRØRENE HYTTEFELT PÅ VAKSVIKFJELLET I ØRSKOG KOMMUNE.

KORRIGERT ETTER KS-VEDTAK 093/03, 23.10.03.

§ 1

Det regulerte området er på planen vist med plangrense.

Arealbruk etter § 25 i plan og bygningslova

Arealet innanfor denne grensa er regulert til:

1. Byggeområde
 - hytter

3. Offentlege trafikkområde
 - køyreveg
 - parkeringsplass

6. Spesialområde
 - privat veg
 - privat parkering
 - friluftsområde
 - frisiktssone ved veg

§2 Byggeområde for hytter

Hytteplassering

Ved hytteplassering må det takast omsyn til særskilde tilhøve på den einskilde tomte, så som tre, store steinar, terrengform m.m.
Bygningsmyndigheitene kan kontrollere plasseringa før byggearbeide tek til.

Bygningsutforming

Hytter kan førast opp i tre eller naturstein i ein etasje, med grunnflate inntil 90 m², og uthus inntil 15 m². Eventuelle uthus må byggjast i arkitektonisk samanheng med hovudhuset.

Ved bygningsutforming og fargeval skal det leggjast vekt på at bygningane skal harmonere med kvarandre og med landskap og vegetasjon. Møneretninga skal vere langs høgdekotene. Taktekkingsmateriale skal vere torv, tre eller stein med matt overflate.

Tilbygg og endringar av fasadar skal vere godkjende av bygningsmyndigheitene før arbeidet kan setjast i gang.

Terreng og vegetasjon Det må ikkje gjerast vesentlege inngrep i terreng eller vegetasjon ut over det som er naudsynt for å føre opp dei godkjende bygningane og biloppstillingsplassane.

Det må ikkje plantast vegetasjon som er framand for den naturlege floraen i området.

Gjerde og flaggstenger Av omsyn til landskapskarakteren, er det ikkje tillate å setje opp gjerde rundt den einskilde hyttetomta. Det vil likevel vere mogleg å gjerde inn sjølve inngangspartiet og veranda. Maksimalt vert det tillate med 30 m² inngjerding utanfor bygninga. Ein må ikkje nytte elektrisk gjerde eller materiale som kan vere til skade for beitande dyr.

Flaggstenger er ikkje tillate.

§3 Vegar og parkering

Køyrevegar Køyrevegane i område er private fellesvegar så nær som eksisterande kommunal veg som avgrensar område i sør og aust.

Parkering Parkeringsplassar skal opparbeidast for hytteeigarar og publikum i tråd med planen.

§4 Friluftsområde

Terrenginngrep som endrar landskapet sin karakter er ikkje tillate. Det er ikkje tillate å setje campingvogner eller bubilar i friluftsområde.

§5 Frisiktsone

Innanfor frisiktsone skal det vere fri sikt i ei høgd av 0,5 m over planet til dei tilstøytande vegane. Arealet må ikkje brukast slik at frisikta på noko tidspunkt vert hindra.

§6 Fellersføresegner

Biloppstilling Ved utbygging skal det opparbeidast 2 biloppstillingsplassar for kvar tomt, derav min. 1 inne på den einskilde tomta.

Renovasjon Renovasjon i hytteområda må til einkvar tid skje i samsvar med kommunen si godkjenning. Hentestasjonar for kommunal renovasjon kan leggest til dei offentlege parkeringsplassane.

Vatn	Framføring av vatn til hyttene skal skje etter plan godkjent av kommunen og Vaksvik vassverk. Alle vassleidingar skal gravast ned.
Avløp	Avløp frå hyttene skal skje via fellesanlegg til kommunal kloakk. Tiltaket må vere godkjent av kommunen før arbeidet vert sett i gang.
Elektrisitet	Eventuell framføring av elektrisitet til hyttene skal skje med jordkabel.
Dispensasjon	Når særlige grunnar ligg føre, kan bygningsrådet gje dispensasjon frå reguleringskart og føresegner, dersom dette kan sjåast på som mindre vesentlege avvik. Vesentlege endringar kan berre skje etter reguleringsendring.